


# Årsrapport 2011

## Hardangervidda Fjelloppslyn



# **FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjelleva og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:**

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelleva skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjø til at grunneigar og rettighetshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelleva er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med politiet, statens naturoppsyn, og vernemyndigheitene.

## **Harangervidda Fjelleva**

Samarbeidsorganet for fjellstyra på Harangervidda as

Hovudkontor, Voss

Pb 562, 5703 VOSS

Tlf: 90213630

E-post: [hardangervidda.fjelleva@fjellstyrene.no](mailto:hardangervidda.fjelleva@fjellstyrene.no)

Heimeside: [www.harangervidda-fjellstyra.no](http://www.harangervidda-fjellstyra.no)

## Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2011.

Fjelloppsynet har ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4 årsverk i 2011

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Noko av arbeidet er betalt av Stiftelsen Unifob, Universitetet i Oslo og Hardangervidda villreinutval. Hardangervidda Grunneigarsamskipnad er medeigar i Hardangervidda Fjelloppsyn. Einskilde private grunneigarar nyttar fjelloppsynet til skjøtsel og oppsynsoppdrag av privatrettsleg karakter.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Frå 01.01.12 er Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda og Hardangervidda Fjelloppsyn as slege saman til ein organisasjon. Oppsynsaktiviteten til selskapet vil framleis nytte navnet Hardangervidda Fjelloppsyn.

Me vil takke oppragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Februar 2012

Georg Gjøstein /s/  
Dagleg leiar

## **Innhald**

<b>1. Oppsynsarbeid .....</b>	<b>5</b>
1.1 Jakt.....	5
1.2 Fiske .....	6
1.3 Motorferdsel .....	6
1.4 Reaksjonsstatistikk .....	6
1.5 Sårbare artar.....	7
1.6 Kulturminner .....	7
1.7 Naturvernområder.....	7
<b>2. Fjellredningsarbeid .....</b>	<b>7</b>
<b>3. Informasjonsarbeid .....</b>	<b>8</b>
3.1 Generelt .....	8
3.2 Informasjonssentral på Haukelisetter og Tinnhølen .....	8
3.3 Heimeside .....	8
<b>4. Rekrutteringsarbeid.....</b>	<b>8</b>
4.1 Generelt .....	8
4.2 Særskilde arrangement .....	8
<b>5. Registreringsarbeid .....</b>	<b>9</b>
5.5 Registrering av kulturminner.....	9
5.6 Strukturtelling av villrein .....	9
5.7 Rovviltkontaktarbeid .....	10
5.8 Beitestudie .....	10
5.9 Registrering av båtvrak m.m. ....	10
5.10 Registreringar under villreinkalving.....	10
5.11 Registrering under fiske .....	10
<b>6. Skjøtselsarbeid.....</b>	<b>11</b>
6.1 Arbeid i tilknytning til verneområder.....	11
6.2 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra .....	11
6.3 Skjøtselsarbeid for kommuneeiendomen Berunuten vest .....	11
<b>7. Sekretariat.....</b>	<b>11</b>
<b>8. Organisasjonen .....</b>	<b>11</b>
2.1 Generalforsamling .....	11
2.2 Styret.....	11
2.3 Tilsette .....	12
<b>Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra.....</b>	<b>12</b>
Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	13
Arbeid for Røldal fjellstyre .....	15
Arbeid for Ulvik fjellstyre .....	17
Arbeid for Ullensvang fjellstyre .....	19
Arbeid for Odda fjellstyre .....	21
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre .....	22
Arbeid for Rauland fjellstyre.....	24
<b>Vedlegg 2. Arbeid for medlemmer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad .....</b>	<b>27</b>
<b>Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn.....</b>	<b>27</b>

# 1. Oppsynsarbeid

## 1.1 Jakt

### Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn hadde stor innsats i det samordna villreinjakttoppsynet på Hardangervidda. Arbeidet føregjekk i samarbeid med Politiet og SNO. Mannskap frå fjelloppsynet deltok også litt under villreinjakttoppsynet i Brattefjell-Vindeggen villreinområde.

Jakta på Hardangervidda starta med stor aktivitet i Tinn, Vinje og Nore/Uvdal. Det vart jakta heilt ut mot vegen over Imingfjell. Etter kvart trekte flokkane vestover, og var opp mot fylkesgrensa til Hordaland. Noko var også til dels inn i Hordaland i den midtre delen. Utover i september veksla dyra ganske mykje mellom austleg og vestleg trekk. I siste del av jakta kom der mykje dyr sør om Kvenna, og dei aller siste dagane av jakta var det store mengder dyr samla nord for Songa.

Oppsynet bisto NINA med innsamling av kjøtprøver for m.a. måling av radioaktivitet og organiserte innsamling av kjevar frå felt villrein under jakta.

Aktiviteten til oppsynet under villreinjakta er gjort nærare greie for i ein eigen rapport.



Villrein dei siste jakt dagane ved Glæimane i Vinje kommune. Foto: Georg Gjøstein.

### Småviltjakt

Oppsyn med småviltjakt i 2011 føregjekk i stor grad i kombinasjon med oppsyn med villreinjakt i statsallmenningane. Det vart også utført særskilt oppsyn med småviltjakt i Røldal, Øvre Numedal og Eidfjord. Det vart prioritert å drive oppsyn i grenseområda mot private eigendomar. I Eidfjord var det ikkje tillete med rypejakt dette året.





Rypene i Eidfjord statsallmenning var freda i 2011. Disse held seg ved Svartavasstjørna. Foto: Georg Gjømstein

## 1.2 Fiske

Fjellopsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjellopsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir jamnleg sjekka. I 2011 var det sett av særskild tid til kontrollar i Tinnhølområdet, Geitvassdalen, Osafjellet, Ullensvang statsallmenning og Røldal statsallmenning. Garnfisket i Tinnhølen, Langavatnet og Nordmannslågen har også vorte fylgd opp. Det vart også helde oppsyn med private fiskerettar i Skaupsjøen.

## 1.3 Motorferdsel

Fjellopsynet har gjennomført særskilde kontrollar på oppdrag for SNO. Aktiviteten i 2011 føregjekk i Vinje, Eidfjord og Nore- og Uvdal. Sommarstid er det gjennomført kontrollar på bilar/ATV og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Tinn.

## 1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 2. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte					
	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Motorferdsel	42	10	30	66	25	26
Småviltjegerar	2	7	15	10	10	34
Storviltjegerar villreinjakt/elgjakt	121	51	60	57	64	68/4
Fiskerar	21	10	26	22	48	54
<b>SUM</b>	<b>207</b>	<b>78</b>	<b>131</b>	<b>155</b>	<b>147</b>	<b>186</b>

Tabell 3. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar					Antall anmeldelsar				
	2011	2010	2009	2008	2007	2011	2010	2009	2008	2007
Motorferdsel				3	5	3*		4	9	1
Småviltjegerar				5	2					
Storviltjegerar	1	3		1	3		1	1	2	
Fiskerar			1	2		2				1
Bandtvang		2			10			1		
<b>SUM</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>14</b>	<b>20</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>2</b>

\* Anmeldelsane er skrivne av samarbeidande polititjenestemenn.

## 1.5 Sårbare artar

Fjelloppsynet har helde oppsyn med hekkelokalitetar for rovfugl i Buskerud samt delteke med mannskap på rovfuglregistrering i Hordaland.

## 1.6 Kulturminner

Fjelloppsynet held generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken. Oppsetting av vardar i samband med fangstanlegg og andre kulturminner er ein aukande og uhelding trend. I 2011 vart det også utført omfattande registreringar som er gjort greie for under punkt 5.5.

## 1.7 Naturvernområder

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark samt tre landskapsvernområde. Bjoreidalen naturreservat vart også besøkt.

Tabell 1. Naturvernområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2011

<b>Vernområder i Telemark:</b>	<b>Kommuner</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
<b>Verneområde i Hordaland</b>	<b>Kommuner</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odde</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Bjoreidalen naturreservat</i>	<i>Eidfjord</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
<b>Verneområder i Buskerud</b>	<b>Kommuner</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

## 2. Fjellredningsarbeid

Ein medarbeider i Fjelloppsynet bisto, på oppdrag for SNO, politiet og Røde kors i samband med fjellredningsarbeid. Dette gjaldt deltaking i fjellredningsgruppa i Vinje og, instruksjon under politiets vinterkurs på Songa.



Røyskatten levde godt på lemen i sommar. Foto: Georg Gjøstein

### **3. Informasjonsarbeid**

#### **3.1 Generelt**

I kontakten med publikum er det ei prioritert oppgave for fjelloppsynet å formidle informasjon. Samla er det gjeve informasjon til om lag 640 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

#### **3.2 Informasjonssentral på Haukeliseter og Tinnhølen**

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid vart vidareført. Dette året føregjekk informasjonen 3 veker på Haukeliseter og 3 veker på Tinnhølen. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Diverse brosjyrer om nasjonalparken og om ulik fersdsel og bruk av naturen var tilgjengeleg.

#### **3.3 Heimeside**

Fjelloppsynet har hatt redaktørarbeidet og gitt informasjon til heimesida til Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda. Det har vore artiklar og nyheiter frå Hardangervidda og den lokale forvaltninga.

### **4. Rekrutteringsarbeid**

#### **4.1 Generelt**

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

#### **4.2 Særskilde arrangement**

Personell frå fjelloppsynet har vore med å arrangert villmarkshelg for ungdom i Isdalen i Eidfjord.




## 5. Registreringsarbeid

### 5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa data om villreinen sine bevegelser i høve til Rv 7 i tråd men instruks frå Direktoratet for naturforvaltning. Villreinen vart lokalisert ved hjelp av radiotelemetri. Arbeidet føregjekk dels ved radiopeilig frå Rv7 i bil, på ski og dels med snøscooter som framkomstmiddel. Det vart ikkje registrert villrein i nærområda til Rv7 vinteren 2011.

### 5.5 Registrering av kulturminner

Eit omfattande arbeid med registrering av kulturminner i Hardangervidda nasjonalpark vart påbegynt i 2009. Dette arbeidet vart vidareført i 2011. Det vart gjort oppmålingar, registrert opplysningar og laga fotodokumentasjon av ei rekkje objekt. Arbeidet føregjekk i hovudsakleg i Eidfjord kommune. I år vart det også gjennomført leiting etter kulturminner i nedkant av Vestre Leirbotnskåki som er ein brearm av Hardangerjøkulen. Føremålet var å sjå etter fornminner som smeltar fram i samband med at brea trekk seg tilbake. I samband med dette arbeidet vart det funne og nyregistrert to dyregraver i svært god stand. Arbeidet skjedde i samarbeid med kulturminnemyndigheitene på oppdrag for SNO.



Fjelloppsyn på tur inn i Leirbotn for å registrere kulturminner. Foto: Georg Gjøstein

### 5.6 Strukturtelling av villrein

Personell frå Fjelloppsynet bisto Villreinutvalet og NINA med strukturtelling av villrein på Hardangervidda. Arbeidet føregjekk i Eidfjord og Nore og Uvdal, frå Grothalsane i vest til Festningsnutane i aust.



Georg Gjøstein ved Kjøthaug i Eidfjord statsallmenning under strukturtellinga i oktober. Foto: Sveinunn Olsnes

### **5.7 Rovviltkontaktarbeid**

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovviltkontaktarbeid for SNO i Ullensvang og Odda i Hordaland og Vinje, Tokke og Kviteseid kommunar i Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.

Det også sendt inn skjema og sporlogg i samband med motorferdsel vinterstid som eit bidrag til av registrering av jerv.

### **5.8 Beitestudie**

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie i Hol på oppdrag frå Universitetet i Oslo. Prosjektet vart overteke av Universitetet for miljø og biovitenskap som sto som oppdragsgjeverar for vinterklargjeringa.

### **5.9 Registrering av båtvrak m.m.**

Fjelloppsynet registrert båtvrak og noko anna skrot som ligg i nasjonalparken. Det gjort avklaringar med eigarar om utfrakting av det meste av dette.

### **5.10 Registreringar under villreinkalving**

Fjelloppsynet deltok på registreringar under villreinkalvinga. Arbeidet føregjekk ved Songa og Bitdalen.

### **5.11 Registrering under fiske**

Det vart gjort registreringar av omfanget av garnfisket i Tinnhølen og eventuelle ender som bifangst.

## **6. Skjøtselsarbeid**

### **6.1 Arbeid i tilknytning til verneområder**

#### **Informasjonsplakatar, tavler og verneskilt**

Fjellopsynet sette opp nye informasjonstavler ved Skinnarbu og Songa .

Informasjonstavlene ved Tinnhølen vart beisa. Det vart sett opp nytt nasjonalparksilt ved Solheimstulen. Det vart gjort registreringar av statusen for skilt i nasjonalparken på sleper i Eidfjord og Nore og Uvdal. Likeeins arbeidde ein med å kartlegge statusen for skilt som markerar teltplassar under villreinjakta i Hordaland.

### **6.2 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra**

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt brannverntilsyn. Arbeidet er gjort nærare greie for i egne vedlegg.

### **6.3 Skjøtselsarbeid for kommuneeigendomen Berunuten vest**

Ein tilsett i Fjellopsynet har bistått Vinje kommune med tilsyn med hytter, transport og renovasjon vinteren 2011.

## **7. Sekretariat**

Tilsette i fjellopsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyre:

- Rauland fjellstyre
- Øvre Numedal fjellstyre
- Ullensvang fjellstyre
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik fjellstyre

Fjellopsynet har også hatt sekretærfunksjonen for Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda. Kontoret er lokalisert til Åmot i Vinje kommune.

## **8. Organisasjonen**

### **2.1 Generalforsamling**

Hardangervidda Fjellopsyn as er fjellstyra på Hardangervidda og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad sitt driftsselskap og er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2011 vart arrangert på Halne i Eidfjord 22. juni.

### **2.2 Styret**

Styret var samansett av styreleiar Sigurd Gudmundsen og styremedlemene

Liv I. Myklatun , Steinar Langesæter og Knut Erik Jordstøyl og Bergfinn Kvalnes. Styret har handsama 7 saker i 2011.

## 2.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i 2011 og ein midlertidig tilsett (tabell 4.) Trine Hilstad har vore tillitsvald og verneombud. Hardangervidda Fjelloppsyn as var medlem i Hallingdal og Valdres Bedrifthelsetjeneste.

Tabell 4. Tilsette i 2011

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	70,8%
Harald Normann Andersen	70 %
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	75 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	70%
Helge Bitustøyl, Rauland	25%
Sten-Rune Jensen, Uvdal	Midlertidig tilsett




Jegerar og sesongoppsyn Sten-Rune Jensen under villreinjakta. Foto: Georg Gjøstein

## Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra

### Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 297,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning føregjekk i Tinnhølen, Nordvatnet, Langevatnet, Nordmannslågen, Lakjen, Drageidfjorden, Svartavatnet samt i nokre vatn og tjødnar i området sør for lågen. Kontroll av jaktforbud på ryper vart utført i greneseområder mot Bjoreidalen og mot Skaupsjøen. Det var også oppsyn i områda inn mot Svartavasstjørna og i nærområda til Rv 7. Det var i liten grad villreinjaktoppsyn i statsallmenningen dette året. Fjelloppsynet hadde fast informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen tre veker sommarstid.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Det er gjort rutinemessig internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat og brannsløkkingsapparat. Båtane til fjellstyret er teke opp og lagt i vinteropplag.

### Transportar

Det er køyrt ved til Gamla Sandhaug og søppel er transportert ut frå fleire av hyttene.

### Ørekyteovervåking

Det rotenonbehandla området ved Stigstuv vart overvåka med ørekyteruser og fjelloppsynet bisto ved el- fiske. Det er gjennomført synfaring med entreprenør på staden som er teke ut for bygging av ørekytehinder utstrøms for Hætjørn.



# Tjenestekjøp 2011

Eidfjord

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	86,5			
Småviltjakt:	45			
Villreinjakt:	19,0			
Anna: info Tinnhølen/Haukeliseter	21	<b>582 +mva</b>	<b>171,5</b>	<b>124766</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:	7			
Tilsyn-hytter:	14			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	7			
Synfaringar og anna	10,5			
Vøtrafestivalen:	34	<b>582+mva</b>	<b>72,5</b>	<b>52744</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	3			
Saksbehandling:				
Planarbeid:				
Anna kontorarbeid:	29,5	<b>423+mva</b>	<b>32,5</b>	<b>17184,375</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.	5			
Oppsynssamling, jakta :	16			
Infomateriell m.v.:		<b>423+mva</b>	<b>21,0</b>	<b>11103,75</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>205798</b>

## 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	0	0

## 3. Anna

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva		0

<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>	<b>205798</b>
---------------------	-----------	---------------

## Finansiering

### 1. Refusjonsberettiga arbeid:

Refusjon frå Statskog, 50%

**Kr**

**102899**

Fjellstyret, 50%

**102899**

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:

Fjellstyret, 100%

### 3.

#### Anna:

Fjellstyret 100%

**Totalfinansiering, inklusive  
refusjon**

**205798**

**Kostnad for fjellstyret**


**Kr 102899**

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer totalt kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer totalt kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Røldal fjellstyre

Totalt har Fjelloppsynet utført 148 timeverk for Røldal fjellstyre.




Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i statsallmenningen i nærområda til E 134 samt i Hellevassområdet i kombinasjon med søppelregistrering på oppdrag av SNO. Det er ført oppsyn med småviltjakt med prioritet på nærområda til veg. Det vart også gjennomført kontrollar av villreinjegerar i Hellevassområdet dette året.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter finansiert av Fjellstyra og SNO. På kveldstid vart det gjennomført oppsynsturar i Røldal statsallmenning.



Hellevatn. Storslått natur i Røldal statsallmenning. Foto: Georg Gjøstein

# Tjenestekjøp 2011

Røldal

## Kostnader

	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	74			
Småviltjakt:	30			
* Villreinjakt:	11,5			
** Info: Haukeliseter/Tinnhølen	13	<b>582 +mva</b>	<b>128,5</b>	<b>93484</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:				
Reperasjon/vedlikehald av hytter:				
Renovasjonsarb.:				
Anna:		<b>582+mva</b>	<b>0,0</b>	<b>0</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:				
Saksbehandling:				
Planarbeid:				
Anna kontorarbeid:	11,0	<b>423+mva</b>	<b>11,0</b>	<b>5816,25</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
* Oppsynssamling, jakta :	9			
Infomateriell m.v.:		<b>423+mva</b>	<b>9,0</b>	<b>4758,75</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>104059</b>

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	0	0

### 3. Anna

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	0	0

<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>	<b>104059</b>
---------------------	-----------	---------------

## Finansiering

### 1. Refusjonsberettiga arbeid:

Refusjon frå Statskog, 50%

**Kr**

**52029,5**

Fjellstyret, 50%

**52029,5**

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:

Fjellstyret, 100%

### 3. Anna:

Fjellstyret 100%

<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>	<b>Kr</b>	<b>104059,0</b>
--	-----------	-----------------

**Kostnad for fjellstyret**


**Kr 52029,5**

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer totalt kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer totalt kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Ulvik fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 574,5 timeverk for Ulvik fjellstyre.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det vart utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar på Osafjellet. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste fyrst på Haukeliseter og sidan på Tinnhølen tre dagar i veka til saman 6 veker sommarstid.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar.

### Transportar

Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene.

### Vedlikehald av hytter

Det vart lagt nytt tak og mura pipe på sankebuva i Austdalen. Taket på hytta i Søre Grøndalen vart midlertidig utbetra etter vindskade og uthuset i Søre Grøndalen vart beisa.



Harald N. Andersen står for dagleg drift av Ulvik fjellstyre. Foto Hans- Jørgen Jahren.

Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	4			
Småviltjakt:	0			
* Villreinjakt:	12,5			
** Info Haukelisetser/Tinnhølen	15	<b>582 +mva</b>	<b>31,5</b>	<b>22916</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:	41			
Tilsyn-hytter:	27			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	150,5			
Renovasjon og anna:	21			
Anna:	6	<b>582+mva</b>	<b>245,5</b>	<b>178601</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	38			
Saksbehandling:	54			
Planarbeid:	35			
Anna kontorarbeid:	160	<b>423+mva</b>	<b>287,00</b>	<b>151751</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.				
* Oppsynssamling, jakta :	10,5			
Infomateriell m.v.:		<b>423+mva</b>	<b>10,5</b>	<b>5551,9</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>358821</b>

**2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid**

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	<b>0</b>	<b>0</b>

**3. Anna**

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva		<b>0</b>

<b>Totalkostnad</b>	<b>Kr</b>	<b>358821</b>
---------------------	-----------	---------------

Finansiering

<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	<b>Kr</b>	<b>179410,5</b>
	Fjellstyret, 50%		<b>179410,5</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%		
<b>3. Anna:</b>	sekretariat	Fjellstyret 100%	
<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>			<b>358821</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>			<b>Kr 179410,5</b>


\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer totalt kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer totalt kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.



## Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 610,5 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Det er nytta mest tid til sekretariatet, transportoppdrag og villreinjaktoppsyn.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Det vart utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste fyrst på Haukeliseter og sidan på Tinnhølen tre dagar i veka til saman 6 veker sommarstid. Det er gjennomført syntfaring på Tyssdalsfellet.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Doen på Raudåni er tømt. Det er gjort ettersyn med brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar. Det er utført feiing av piper.

### Transportar

Det er gjennomført transportar til hyttene.

# Tjenestekjøp 2011

Ullensvang

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:	3,75			
Småviltjakt:				
* Villreinjakt:	17			
** Info: Haukeliseter/Tinnhølen	21	582 +mva	41,75	30373,1
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:	48			
Tilsyn-hytter:	7			
Vedlikehald av hytter:				
Synfaring:	2,5			
Anna:	22,25	582+mva	79,75	58018,1
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	25			
Saksbehandling:	165,8			
Planarbeid:	33			
Anna kontorarbeid:	221,8	423+mva	445,6	235611
<b>ANNA, refusjonsberettiga innarbeid:</b>				
Planlegging m.v.	2			
* Oppsynssamling, jakta :	15			
Infomateriell m.v.:	1	423+mva	18,0	9517,5
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>333520</b>

## 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	25,5	13483

## 3. Anna

Saksbehandling, tillegskjøp

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva		0

<b>Totalkostnad Kr</b>	<b>347003</b>
------------------------	---------------

## Finansiering

### 1. Refusjonsberettiga arbeid:

Refusjon frå Statskog, 50%

Fjellstyret, 50%

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:

Fjellstyret, 100%

### 3. Anna:

Totalfinansiering, inklusive  
refusjon

**Kostnad for fjellstyret**

**Kr**

**Kr**

166760

166760

13483

347003


180243,0

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Odda fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 199 timeverk for Odda fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste for heile vidda fyrst på Haukeliseter og sidan på Tinnhølen tre dagar i veka til saman 6 veker sommarstid.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar. Pipene i Belebu og Bjødnavassbu vart feia.

### Sekretariat

Sekretariatet for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er gjort av ein tilsett i fjelloppsynet.



Sveinung H. Olsnes utførte feiing på hytter for Odda fjellstyre.

# Tjenestekjøp 2011

## Kostnader

## Odda

1. Refusjonsberettiga arbeid		Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>					
	Fiske:	3,75			
	Småviltjakt:				
*	Villreinjakt:	9			
**	Info: Haukeliseter/Tinnhølen	10	582 +mva	22,75	16551
<b>SKJØTSEL, ikkje inntekstgjevande utearbeid:</b>					
Fiskekulturarbeid:					
Transportoppdrag:					
Tilsyn-hytter:					
	Reperasjon/vedlikehald av hytter:	13			
	Synfaring	2,5			
	Anna:	1,25	582+mva	16,75	12186
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>					
	Møter:	10,5			
	Saksbehandling:	70,25			
	Planarbeid:				
	Anna kontorarbeid:	70,25	423+mva	151,0	79841,3
<b>ANNA, refusjonsberettiga innearbeid:</b>					
Planlegging m.v.					
*	Oppsynssamling, jakta :	7,5			
	Infomateriell m.v.:	1	423+mva	8,5	4494,375
<b>Andre kostnader:</b>					
Fly/helikopter:					
<b>SUM</b>					<b>113072</b>

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	0	0

### 3. Anna

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva		0

<b>Totalkostnad Kr</b>	<b>113072</b>
------------------------	---------------

## Finansiering

### 1. Refusjonsberettiga arbeid:

Refusjon frå Statskog, 50%

**Kr**

**56536,0**

Fjellstyret, 50%

**56536,0**

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:

Fjellstyret, 100%

### 3. Anna:

Fjellstyret 100%

**Totalfinansiering, inklusive  
refusjon**

**113072**

**Kostnad for fjellstyret**

**Kr**


**56536,0**

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer totalt kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer totalt kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 843,5 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Ordinært tilsyn er utført og det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar.

### Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehyttene sommar og vinterstid.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i Geitvassdalen m.m. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste for heile vidda fyrst på Haukeliseter og sidan på Tinnhølen tre dagar i veka til saman 6 veker sommarstid.



Hans-Jørgen Jahren er ansvarleg for dagleg drift av Øvre Numedal fjellstyre. Foto Georg Gjøstein.



Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>				
Fiske:				
Småviltjakt:	4			
* Villreinjakt:	14,0			
** Info: Tinnhølen/Haukeliseter	17	<b>582 +mva</b>	<b>35,0</b>	<b>25462,5</b>
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande utearbeid:</b>				
Synfaringar:	12			
Transport:	23			
Tilsyn-hytter:	26,5			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	10			
Renovasjonsarb.:	15			
Anna:	2	<b>582+mva</b>	<b>88,5</b>	<b>64383,8</b>
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>				
Møter:	67			
Saksbehandling:	299			
Planarbeid:	179			
Anna kontorarbeid:	70	<b>423+mva</b>	<b>615,0</b>	<b>325181,25</b>
<b>ANNA, refusjonsberettiga innearbeid:</b>				
Planlegging m.v.	8			
* Oppsynssamling, jakta :	12			
Infomateriell m.v.:	11	<b>423+mva</b>	<b>31,0</b>	<b>16391,25</b>
<b>Andre kostnader:</b>				
Fly/helikopter:				
<b>SUM</b>				<b>431419</b>

**2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid**

Sal av jakt og fiskekort m.m.

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	<b>54,0</b>	<b>28553</b>

**3. Anna**

Tilleggskjøp saksbehandling

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
423+mva	20,00	<b>10575,0</b>
<b>Totalkostnad Kr</b>		<b>470546</b>

Finansiering


		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	<b>215709,5</b>
	Fjellstyret, 50%	<b>215709,5</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	<b>28553</b>
<b>3. Anna:</b>	Tilleggskjøp saksbehandling 20t Fjellstyret 100%	<b>10575</b>
<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>		<b>470547</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>		<b>Kr 254837,5</b>

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer totalt kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer totalt kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Rauland fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 162,5 timeverk for Rauland fjellstyre. Tida er brukt til sekretariat, informasjonsarbeid og villreinjaktoppsyn.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

## Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar.



Fjelloppsyn Helge Bitustøyl frå Rauland. Foto Hans-Jørgen Jahren.

# Tjenestekjøp 2011

Rauland

## Kostnader

1. Refusjonsberettiga arbeid		Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
<b>OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn:</b>					
Fiske:					
Småviltjakt:					
* Villreinjakt:		2,5			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter		3	582 +mva	5,5	4001
<b>SKJØTSEL, ikkje inntektsgevande utearbeid:</b>					
Fiskekulturarbeid:					
Transportoppdrag:					
Tilsyn-hytter:					
Reperasjon/vedlikehald av hytter:					
Renovasjonsarb.:					
Anna:			582+mva	0,0	0
<b>FAGLEG saksbehandling:</b>					
Møter:		13			
Saksbehandling:		84,0			
Planarbeid:		45			
Anna kontorarbeid:		11	423+mva	153,0	80899
<b>ANNA, refusjonsberettiga innearbeid:</b>					
Planlegging m.v.		2			
* Kurs, oppsynssamling før jakta :		2			
Infomateriell m.v.:			423+mva	4,0	2115
<b>Andre kostnader:</b>					
Fly/helikopter:					
<b>SUM</b>					<b>87015</b>
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid</b>					
Sal av jakt og fiskekort m.m.		3	423+mva	3	1586
<b>3. Anna</b>					
Tilleggs kjøp,saksbehandling			423+mva		
<b>Totalkostnad Kr</b>					<b>88601</b>

## Finansiering

		Kr
<b>1. Refusjonsberettiga arbeid:</b>	Refusjon frå Statskog, 50%	43507,5
	Fjellstyret, 50%	43507,5
<b>2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:</b>	Fjellstyret, 100%	1586
<b>3. Anna:</b>	Tilleggs kjøp saksbehandling	Fjellstyret 100%
<b>Totalfinansiering, inklusive refusjon</b>		<b>88601,0</b>
<b>Kostnad for fjellstyret</b>		<b>Kr 45094</b>

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 72.750,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Vedlegg 2. Arbeid for medlemmer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Det utført transportar og tilsyn på kommuneeeigedom Berunuten Vest i Vinje kommune. Det er helde oppsyn med private fiskerettar i Skaupsjøen i Nore og Uvdal kommune.

## Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn

Tabell 1. Antall timeverk fordelt temavis

Tema	Timeverk
Motorferdselkontrollar	58
Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7	185
Registrering av kulturminner	120,5
Registrering av fjellrevhi	48,5
Oppsyn med sårbar fauna (hekkelokalitetar m.m.)	58,5
Registreringar under villreinkalving	42
Registrerin av båtvrak m.m.	49
Rovviltkontaktarbeid	103,5
Redningstjeneste-feltundervisning	49,5
Arbeid med infotavler og verneskilt	115,5
Garnfiske/Bifangst	10
Informasjonstjeneste Tinnhølen/Haukeliseter	80
Ledsagertjeneste	13,5
Registreringar under villreinkalving	42,5
Oppsyn i naturreservat	20,5
Oppsyn under villreinjakta	1098,5
Kontorarbeid rovviltkontaktar	40
Anna kontorarbeid	334
<b>SUM</b>	<b>2469</b>

### Kostnad SNO:

Omfanget av tjenestekjøpet frå Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2011 er som følger:

2167 timar feltarbeid a` kr 582,-	kr 1.261.194,-
302 timar kontorarbeid a` kr 423	kr 127.746,-
25% MVA	kr 347.235,-
<b>SUM</b>	<b>kr 1.736.175,-</b>